

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 18/2010

Møtedato: 17.3.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F 451

## F449, Rislie – søknad om veg

Bjørn Tore Ringen søker om å få opparbeide veg fram til F449 i Rislie. I søknaden går det fram at søker har brukt vegen fram til F251, men denne vegen går for tett opp til husa på F251.

Søknad om etablering av veg avgjør Statskog som grunneigar etter uttale frå fjellstyret, jf. § 12 i fjellova.

Ut frå kartverket kan ein ikkje sjå at det er veg fram til F251, men det kan vera av så enkel standard at det ikkje er registrert som veg. Fjellstyret meiner at det i utgangspunktet bør lagast plan for framføring av veg i eldre hyttefelt. I denne saka ser det ikkje ut til at dette er så aktuelt, utanom felles avkjøring mellom F251 og F449.

### Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til at Ringen får løyve til å opparbeide veg fram til F449, men ber Statskog vurdere om det kan planleggast felles veg/avkjøring for fleire.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 18.3.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog